



Det er fiska godt over eit halvt tonn i Uskedalselva til no.

Den jamne og stødige nedbøren gjennom sommaren har gjeve godt fiskever. Det har resultert i godt fiske i Uskedalselva. I fjor var det også mykje godt fiskever, og bra fiske, men no har ein passert fjorårsfangsten. Til no i år er det rapportert inn 521,58 kg medan det i fjor vart innrapportert vel 508 kg til fisket vart stansa 08.09.

Det har siste tida vore bra med fiskarar i elva, og det har dagleg vorte rapportert inn bra med fangst. I går fekk Harald Rørvik ein laks på 8 kg, og det er den neststørste fisken som er fiska i elva denne sesongen. Arnt Erik Skjøtskift har framleis tatt den største fisken med ein rugg på 8,2 kg som han fekk 04.08.. Kenneth Nyrud har fått den tredje største fisken. Den var 7,5 kg.

I fjor vart det teke fleire laksar rundt 10 kg, og det nærmar seg no denne storleiken.

Den fine sommaren i 2014 vart det berre registrert vel 80 kg, medan det året før då begrensningar vart innført vart det landa 331,4 kg. Siste sommaren før innskjerpingane(2012) fekk fiskarane ca.1114 kg.

Vi ser at elva trekkjer tilreisande til bygda, for svært mange av dei som rapporterer fangst høyrer til denne gruppa. Det er førebels få grunneigarar som har rapportert inn noko. Kanskje ventar nokre av dei til slutten av sesongen? For forvaltninga av elva, er det viktig at all fangst kjem med.

Full oversikt over fangstresultata og fiskereglar med meir finn ein på heimesida www.uskedalselva.no.



[Arnt Erik Skjøtskift](#) som her helsar på [Kristian Bringedal](#), har fått den største fisken.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland